

Knivsett kom tilrette

23.06.2011

Eit knivsett vart sporlaust borte etter Aktivitetsdagen og Ellen D. Myhre undra i føremiddag på om nokon kunne spora det opp for henne. Det kunne dei, for stutt tid etter etterlysinga her var saka løyst.

Ellen var dagen før Dagen i Gamleskulen og kutta salat og hadde med knivsettet i ein eske. Den kunne ho seinare ikkje finna att trass i mykje leiting og bruk av Facebook. Ligg settet på ein lur plass, undra ho.

Løysinga var at damene på TI-aren hadde teke vare på settet. Og nok ein gong er det slege fast at nettavisa er effektiv!